


eTwinning: Europeisk samarbeid frå klasserommet.

Samarbeid og samhandling har i lang tid vore eit pedagogisk grep for å auke både læringsbytte og motivasjon. Eit utslag av Vygotskijs sosialkonstruktivismisme kunne ein i sjølve læreplanverket L-97 finne der arbeidsmetodane var skildra med gruppearbeid, samarbeid, leik og bruk av rollespel.¹² Utviklinga av både teknologi og læreplanverk har gjort eit mykje vidare og større samarbeid på tvers av klasserom og land mogeleg ved hjelp av verktøy som internett og personlege digitale einingar. Ein anna faktor er språkleg forståing. Elevane er stort sett flinke til å forstå og ordleggje seg på engelsk i større grad enn tidlegare.

For å nytte seg av eTwinning må ein ikkje berre lage ein konto for læraren, men ein må registrere skulen som deltakar. Ein må og verte godkjend av ein nasjonal koordinator som validerer om kontoen er reell. Plattformen er elles gratis i bruk, men kan i fyrste omgang stå fram som noko vanskeleg å navigere i. Den største utfordringa med sjølve plattformen er at systemet går veldig treigt som fører med seg mykje venting. For å finne eit høveleg prosjekt kan ein søke etter ulike forlag på Diku³ sine sider eller på sjølve plattformen. Ein kan sjølvsgatt og opprette eit eige prosjekt og søke etter samarbeidspartnarar.



Figur 2: Europakommisjonen



Figur 1: eTwinning: 913.310 registrerte brukarar pr. 12.03.2023

Eg har vald eit prosjekt om demokrati laga av Anne Elisabeth Sudmann som er lærar på Bingsfoss ungdomsskule der hovudmålet er å auke forståinga for at vi er medborgarar i Europa.⁴ Eg har ikkje tenkt å gjennomføre prosjektet nå, men kan vere ei tanke til hausten i samband med kommune- og fylkestingsvalet 11. september. Medborgarskap og demokrati skal vere eit hovudtema i dei fleste faga og det å nytte eTwinning for å gjennomføre eit prosjekt saman med andre skular vil kunne vere nyttig dersom ein planlegg dette godt. Det mest optimale er å finne to eller tre samarbeidspartnarar i andre europeiske land for å samanlikne korleis demokratiet og ikkje minst valordninga fungerer i dei ulike landa. Eg vil sjå det som ein fordel at ein finn ein skule i Danmark og ein i eit aust-europeisk land. På denne måten vil språkbarrieren vere mindre i det eine tilfellet. Det vil nok og vise store skilnader på nordiske land og land i Aust-Europa med omsyn til korleis ein praktiserer demokrati og medborgarskap. Sjølve bruken av plattformen vil vere eit viktig poeng for

¹ Læreplanverket for den 10-årige grunnskulen L-97: 74-77

² Kluge 2021:40-41

³ Direktoratet for internasjonisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning

⁴ <https://diku.no/ressurser-og-verktoey/etwinning/etwinning-demokrati#content-section-4> (12.03.2023)

elevane for å føle seg som del av det europeiske samarbeidet, sjølv om Noreg er ein særskild posisjon med tanke på at ein ikkje er medlemmer av EU, men har eit økonomisk samarbeid og avtale som regulerer vår forhold til resten av Europa.

I samband med valet var tanken at elevane lager ein blogg på TwinSpace der dei presenterer ulike parti og korleis valet i praksis går føre seg. I etterkant vil det vere naturleg å presentere korleis det kommunale sjølvstyret fungerer i praksis og kva valresultatet i eigen kommune og fylke har gitt utslag. Målet må vere at samarbeidspartnarane kjem med eigne bloggposter om korleis deira politiske system på regionalt eller lokalt nivå fungerer. Det danske systemet er omtrent likt det norske, men andre land lenger sør i Europa kjenner ein kanskje i mindre grad til. Det vil og kunne vere interessant å samanlikne dei ulike partia/søsterpartia i forskjellige land. Samarbeid via TwinSpace og blogging vil vere eit døme på asynkront datastøtta samarbeid. Ein deler materiale med kvarandre og arbeider saman ved hjelp av å svare på bloggpostene når det er naturleg.⁵

Ein hovudtanke bak eit slik opplegg er at elevane lærer om andre politiske kulturar og system for å forstå viktigheita av å vere medborgarar og kva demokratiske rettar og plikter dei har i ei verd der enkelte land stadig tar skritt bort frå demokrati og inkludering. Prosjektet har på denne måten og eit viktig danningperspektiv i tillegg til auka digital og sosial kompetanse ved bruk av IKT i samarbeid på tvers av landegrensar.

Eit anna særleg moment ein må ta omsyn til er personvern. Elevane treng å øve på sin digitale dømmekraft og kompetanse ved all bruk av internett, særskild når det skjer på skulen. Målet med samarbeidet er å viske ut dei geografiske og kulturelle skiljelinene for å auke forståinga for kvarandre og styrke både mellommenneskeleg kommunikasjon og demokrati.⁶ På den andre sida har ein utfordringar med både faktafeil og liten mogelegheit til å utøve kjeldekritikk på den informasjonen som blir skriven dersom ikkje ein er nøye på å referere til kjeldene – samstundes som det skal vere elevane sine opplevingar av det politiske systemet som kanskje eigentleg kjem fram. Bruken av blogg gir mogelegheit til å nytte multimodale element og kreativitet. Det føreset at elevane forstår konsekvensane av å legge ut informasjon på internett og kven som les det dei legg ut.⁷ GDPR er gjeldande for alle EU-land, så dette må alle partar sjølvsagt ta omsyn til.

Sidan eg ikkje har gjennomført prosjektet kan ein berre trekke teoretiske konklusjonar av å nytte eTwinning i undervisninga. Etter å ha brote både språkbarrierane, (både for lærar og elevar), og har fått ein oversikt over teknisk bruk av verktøyet, tenker eg at det vil kunne vere både nyttig og lærerikt der ein utvidar horisontane sine og kjenner på ei aktiv deltaking i eit større europeisk fellesskap. Som i alle litt større prosjekt i skulen må ein legge stor vekt på planlegging og organisering. I eit tilfelle som dette vil det vere ekstra viktig å ha fokus på

⁵ Kluge 2021:85

⁶ Giæver 2021:19

⁷ Giæver 2021:202

denne fasen med tanke på at ein skal samarbeide med menneske ein ikkje kjenner og som kan ha andre tilnæringsmåtar til både det pedagogiske og den praktiske gjennomføringa. Ein skal og vere klar over at det kan ligge økonomiske motiv og ikkje pedagogiske for einskilde så lenge det er tale om EU-midlar. Det å velje at ein av samarbeidspartnarane har ei relativt pedagogisk lik tankegang kan vere lurt. Med andre ord er det nok lettare å samarbeide med andre nordiske skular.

Kjelder:

Figurar og bilete:

Figur 1:

https://no.wikipedia.org/wiki/Europakommisjonen#/media/Fil:European_Commission.svg
(12.03.2023)

Figur 2: <https://school-education.ec.europa.eu/> (12.03.2023)

Bøker:

Kluge, A. (2021). *Læring med digital teknologi : teorier og utviklingstrekk* (1. utgave.). Cappelen Damm Akademisk.

Giæver, T. H., Mifsud, L., & Engen, B. K. (2021) *Digital dømmekraft* (2. utgave.). Gyldendal.

Nettsteder:

Anne Elisabeth Sudmann: «Er norske elever europeere eller bare norske? Kunnskap om menneskerettigheter og demokratiske verdier er en forutsetning for å utøve demokrati»
<https://diku.no/ressurser-og-verktoey/etwinning/etwinning-demokrati#content-section-4>

<https://no.wikipedia.org/>

<https://school-education.ec.europa.eu/>